

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Vaksdal kommune
Konsul Jebsens gate 16
5722 Dalekvam

Dato: 22.12.2015
Vår ref.: 2014/19439-62
Saksbehandlar: arnasan
Dykkar ref.: «REF»

Tannhelsetenesta i Hordaland - klinikkstrukturplan 2015 -2030

Fylkestannlegen i Hordaland har utarbeidd ein klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Planen har vore på høyring til alle kommunar og aktuelle organisasjonar.

Målet er at klinikkstrukturplanen skal bli politisk handsama i fylkestinget i mars 2016. Før den tid vil fylkestannlegen tilby eit orienterings- og drøftingsmøte til alle kommunar der det er forslag om endringar i klinikkstruktur og tenestetilbod.

På grunn av forslag til løysing på framtidig klinikkstruktur i området finn fylkestannlegen det naturleg å invitere Samnanger kommune og Vaksdal kommune til eit felles orienterings- og drøftingsmøte **tirsdag 12 januar 2016 kl 13 – 1430 på fylkestannlegen sitt kontor i fylkesbygget, Agnes Mowinckelsgt 5.**

Temaet er tannhelsetenesta sin framtidige klinikkstruktur i området Samnanger kommune, Vaksdal kommune og Indre Arna.

Fylkestannlegen ser for seg at kvar kommune kan delta med inntil 2 representantar. Frå tannhelsetenesta deltek overtannlege i Aust tannhelsedistrikt Lathamini Murugesh, overtannlege i Sentrum tannhelsedistrikt Bente Holmgren, overtannlege i Nord tannhelsedistrikt Stein Moe, seniorrådgjevar Torunn Gaarden og fylkestannlegen.

Ved spørsmål, eller for tilbakemelding om deltaking på møtet kan fylkestannlegen kontaktast på e-post: arne.asan@hfk.no – eller på telefon 416 67 867.

Vel møtt!

Arne Åsan
fylkestannlege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

